

Smektande tonar frå Haugalandet

10.07.2013



Gruppa på 10 frå Haugalandet gav sommaren ein ekstra dimensjon

Tove Høgemark er vertinne på Øyro Marina men ho er også ein aktiv leiar for lokallaget i LHL heime i Tysvær. No har ho 12 år bak seg i det vervet. Difor var det ikkje overraskande at ho i ettermiddag inviterte til konsert på plenen samt servering av nysteikte vaflar og is.

Dei smektande tonane frå Haugalandet ga Uskedalsommaren ein ekstra dimensjon!



Over 40 kom til konsert og servering

Bak konserten stod ei gruppe på 10 frå Tysvær, Skjold og Vindafjord med 2 trekkspel, 1 gitar og resten vakre songrøystar og leiar er 75-åringen Kristian Frøyland. Han nektar ikkje for det når vi hevdar at musikken og songen er sterkt inspirert av Åge Samuelsen utan at gruppa har nokon spesiell religiøs basis. Gruppa kallar seg

'Kristian og gjengen' når den er på farten og spelar rundt i distriktet og det er den ofte. Sjukeheimar og andre institusjonar står ofte på køyrelista og gjennom åra har gruppa gleda tusenvis som set ekstra stor pris på musikk og song.

Denne gongen var meir enn 40 camping-gjestar publikum og gjengen planlegg å bli her ei stund! Hvis veret held vert det nok fleire konsertar.

Tekst og foto: Ola Matti Mathisen



Tove og dottera let vaffelpressa gå